



Møte Vågsøy kommune 09.05.2017

Tid: tysdag 9. mai 2017 kl. 9:30 – 12:00

Stad: Vågsøy kommune og Refvik

Frammøtte:

Odd Robert Solvåg, tjenesteleder drift og anlegg

Ingvald Tennebø, drift og anlegg

Øystein Solheim, Fagleder Vann og Avløp

Staffan Hjøhlman, prosjektleiar Nordfjord vassområde

Monica Kråkenes og Edvard Iversen, folkevald representant og vararepresentant for Vågsøy kommune i Nordfjord vassområdeutval, var inviterte, men hadde ikkje høve til å delta.

Nytilsett tenesteleiar drift og anlegg

Odd Robert Solvåg tok til i stillinga som tenesteleiar drift og anlegg for ein måned sidan. Han kom frå stilling som kommunalsjef for teknikk, landbruk og miljø i Leksvik kommune i Nord-Trøndelag, og har erfaring frå vassforvaltning etter vassforskrifta, og er såleis ein ressursperson i denne samanheng. Solvåg viste elles til Ingrid Hjort i Rissa kommune og Sør-Trøndelag fylkeskommune, som har vore sterkt involvert i arbeid mot felles tilsyn av separate avløpsanlegg på Fosenhalvøya.

Orientering om tiltaksprogrammet

Staffan Hjøhlman orienterte om Vågsøy kommune sitt ansvar etter regionalt tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion (sjå tabellen nedanfor). Tiltaksprogrammet vart vedtatt av Sogn og Fjordane fylkeskommune desember 2015, saman med regional vassforvaltningsplan.

Vassførekomst namn / tilstand	Vassførekomst ID	Påverknad	Grad av påverknad	Tiltak innan 2021
Skavøypollen / Moderat	0282011102-C	Renseanlegg 2000 PE	Middels grad	Ferdigstille hovedplan for vann og avløp
Ulvesundet – Måløy / Moderat	0282012300-2-C	Renseanlegg 2000 PE	Middels grad	Separering av eldre avløpsnett

I Skavøypollen går tiltaket ut på å flytte utsleppspunktet frå renseanlegget ved å forlenge utsleppsleidninga 1500 m til utsidan av terskel. Tiltaket var lagt inn med 1 million på budsjettet for 2017, men er flytta til 2018.

I Ulvesundet – Måløy er viktigaste tiltak å separere overvatn frå kloakkvatn. Kommunen er i gang med tiltaket og separerte 27 overvasskummar i 2016.

I tillegg til påverknadene nemnt over som kommunen er styresmakt for, er det registrert påverknad frå industri på begge vassførekomstane, der Fylkesmannen som er styresmakt har spelt inn tiltak med tilsyn og nødvendige konsesjonsrevisjoner m.m.

Nordfjord vassområde



Vågsøy kommune har i tillegg spelt inn behov for å auke kunnskap om landbruks- og avløpspåverknad i Refvikelva. Denne elva inngår i vassførekomsten «091-5-R Vågsøy bekkefelt», som i følge tiltaksprogrammet (vann-nett.no) har god tilstand og ingen forslag til tiltak. For å auke kunnskapen vart Refvikelva inkludert i konsulentoppdrag som Nordfjord vassområdeutval kjøpte i 2014: Problemkartlegging og tiltaksanalyse for utvalde vassførekomstar i Nordfjord 2014. Oppdraget omfatta vassprøvetaking og analyse av tilførsel av fosfor og nitrogen frå naturlege og menneskeskapte kjelder. Rapporten (Asplan Viak 2015) konkluderer med at økologisk tilstand er moderat pga næringstilførsel, dvs oppnår ikkje miljømålet om svært god økologisk tilstand. Fylkesmannen vil oppdaterer innhaldet i tiltaksprogrammet og vann-nett.no på bakgrunn av nye data som er skaffa fram. Dersom konklusjonen er at miljømålet ikkje er nådd, blir det kommunen si oppgåve å velje tiltak for å rette opp tiltstanden, dvs redusere ureininga. Desse tiltaka skal takast med ved revidering av tiltaksprogrammet for neste forvaltningsperiode 2021 – 2026. I rapporten (Asplan Viak 2015) er det anbefalt å ta nye prøver av vasskjemi og begroingsalgar. Aktuelle tiltak som er nemnt i rapporten er redusert gjødsling, ugjødsla randsonar, utbetring av separate avløpsanlegg og mindre dammar for sedimentasjon av partikler i grøftevatn.

Kven bør delta i drøftingar om tiltak?

Det kom fram synspunkt på at leiarar, rådmenn og politikarar bør involverast i drøftingar om gjennomføring av tiltak, til dømes tilsyn med separate avløp frå spreidd busetnad. Prosjektleiar kan inviterast eller invitere seg sjølv til å orientere på kommunestyremøte.

Hovudplan for avløp

Ny hovudplan for avløp – kommunen planlegger å hente inn anbod frå konsulent på utarbeiding. Prosjektleiar viste til døme på korleis vassforskrifta og vassforvaltningsplanen kan vere innarbeidd i hovudplan. Planen må ta omsyn til tiltaksprogrammet og miljømål for vassførekomstar.

Orienteringar som ikkje vart tatt opp på møtet:

- Vandringshinder kommunale vegar. Prosjektgruppa for Nordfjord vassområde har diskutert behovet for kunnskap om eventuelle vegkulvertar som kan verke som vandringshinder for sjøaure og laks.
- Frist for kommunar og andre styresmakter å rapportere til Sogn og Fjordane fylkeskommune om status for gjennomføring av tiltak: 01.07.2018.

SYNFARING TIL REFVIKELVA

Ingvald Tennebø og Staffan Hjohlman reiste til Refvik for å observere elva, ta vassprøver, samt ta ein kikk på ein tett tank for fritidshus vest for Refviksanden.

Elva er sterkt begrodd med algar / plantar i den nedre, stilleflytande delen, men uvisst i kva grad desse indikerer ureining. Forslag om å tinge biolog til å undersøke algane. Det vart tatt algeprøver her i 2014 av Asplan Viak (Problemkartlegging, sjå over) men desse var ikkje brukande pga sjøvasspåverknad.

Vassprøver vart tatt i Refvikvatnet (ved utløpet), samt i elva aust for fotballbana (ved bru veg 622).

Staffan Hjohlman, ref.